

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Anita G. Johannessen (Frp) sette fram slikt forslag til vedtak:

« Pkt. 4 går ut.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 til 3 vart samrøystes vedteke.

Johannessen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster (Frp, H og V) mot fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.4 som fekk 6 røyster (A, Krf og MDG) og fall.

### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune tilrår vegframføring alternativ 1 – utbetring av eksisterande veg. Planområdet for dette alternativet bør også inkludere arealet på vestsida av Vågen og vidareføre omsynssone C for Kvalvågen i kommuneplanen sin arealdel
2. Kvalvågen er eit svært viktig kulturmiljø av nasjonal verdi. Vegframføring alternativ 2 kjem i konflikt med kulturmiljøet. Hordaland fylkeskommune fremjar derfor motsegn til alternativ 2. Motsegna blir trekt dersom alternativ 2 blir teke ut.
3. Marinarkeologisk registrering etter §§9 og 14 i kulturminnelova må gjennomførast i områdeplanen sitt sjøareal, og tilhøvet til eventuelle nye automatisk freda kulturminne må avklarast. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn på grunn av manglende marinarkeologiske registreringar.